
Fra: Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no>
Sendt: 23. desember 2015 13:51
Til: Postmottak Radøy
Emne: Radøy kommune Hordaland - Detaljregulering av Mangerøy
industriområde Kjebogen - 1. gongs høyring og offentlig ettersyn -
uttale

Radøy Kommune
Krossvegen 8

5936 MANGER

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 15/9243
Dykkar referanse: 15/1039 - 15/13761
Vår dato: 23.12.2015
Dykkar dato: 18.11.2015

Att: Tonje Nepstad Epland

RADØY KOMMUNE HORDALAND - DETALJREGULERING AV MANGERØY INDUSTRIOMRÅDE KJBOGEN - 1. GONGS HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN - UTTALE PLANSAK 12602015000200

Vi viser til brev av 18.11.2015 frå Radøy kommune med framlegg til detaljregulering for Mangerøy industriområde, Kjebogen.

I samband med oppstartsmelding for arbeid med detaljregulering har Fiskeridirektoratet region vest gjort merksam på gyteområde for torsk som Havforskningsinstituttet har registrert mellom Toska og fastlandet, og eit matfiskanlegg som etablert ved Grønholmane. Utbygging av industrikai vil medføre omfattande arbeid i strandsoner/sjøområde med sprenging og utfyllingsarbeid. Vi har bede om at arbeida vert utført på ein mest mulig skånsam måte med omsyn til gytetid for torsk mellom februar og mars og av omsyn til drifta av oppdrettsanlegget.

Spørsmålet til gyteområde for torsk er teke opp gjennom reguleringsplanen. I konsekvensutgreiing for naturmangfald som er utarbeida av Cowi AS er konsekvensar for gyteområdet vurdert som små under føresetnad at det i anleggsperioden vert gjennomført adekvate forurensningsbegrensande tiltak:

«Influensområdet av planforslaget ligg i randsona til det registrerte gyteområdet, Hellosen. Arealbeslaget vurderast som ubetydelig for gyteområdet under føresetnad at det i anleggsperioden gjennomføres adekvate forureiningsbegrensande tiltak».

«Som avbøtande tiltak for å dempe dei negative konsekvensane av utbygginga er det lagt inn grøn buffersone mot Brupollen, samt at avrenning frå overflatevatn skal leiast bort frå pollen.»

I tillegg er det lagt inn omsynssone Bevaring av naturområde i område Brupollen med tilhøyrende strandareal, formål VFS og GV1. Det er òg sikra i føresegner mot sprenging i Hamneområde i sjø under gyteperioden for torsk (februar og mars). Som avbøtande tiltak for å hindre potensiell spreieing av forureina sediment som ikkje er mudra utanfor eksisterande kai er det lagt inn krav i føresenger om at sjøbotnen skal sikrast med fylling av massar eigna for å hindre dette».

Spørsmålet til oppdrettsanlegget er teke opp gjennom planomtala, men det er ikkje vurdert at tiltak i sjøområda vil kome i konflikt med dette.

Fiskeridirektoratet region vest si vurdering

Vi slår fast at spørsmål til gyteområde for torsk er teke opp gjennom planprosessen. I planføresegna er det lagt inn krav mot sprenging i hamneområdet i gytetida for torsk mellom februar og mars. For å hindre spreieing av forureina sediment som ikkje er mudra, er det lagt inn krav om å sikre sjøbotn ved å fylle på massar som topplag. Kapittel 3.1.7 i planomtala omhandlar massehandtering:

«Med tanke på massebalanse er det berekna at det ikkje vil vere trong for tilkøyrdde massar til planområdet, då spesielt i høve til utfylling i sjø samt planering elles. Dvs at ein har dei naudsynte massar innanfor formål industri og unntak er type graderte massar til bl.a. topplag for fylling i sjø, etc. Det er i føresegner sikra at det skal utarbeidast plan for handsaming av massar for kvart delområdet som skal vise både disponering av massar, deponering av overskotsmasse, og trong for tilkøyrdde massar. Mellombels deponering av massar skal berre skje i område med arealformål BI, samferdsel og teknisk infrastruktur. Mellombels deponering skal ikkje skje i arealformål vegetasjonsskjerm».

Ifølgje planomtale skal utfyllingsmassar hentast frå nærområde til der det tidlegare har vore malingsfabrikk, og vi føreset at massane vert kontrollert for miljøfarlege stoffar før utfylling i sjø. Ifylling av sprengstein i sjøområda medfører risiko for blakking av sjøvatn og nedslamming i tilgrensande sjøområde. Vi ser ikkje at risiko og avbøtande tiltak er vurdert i konsekvensutgreiinga. Vi gjer merksam på at blakking av sjøvatn og nedslamming kan representere trugsmål mot fisk og anna liv i sjøen, og føreset at spørsmålet vert teke opp og vurdert som supplement til konsekvensutgreiinga.

Med helsing

Hanne Marie Utvær
fungerende seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Radøy Kommune

Krossvegen 8

5936

MANGER

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND